

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020

## Invest in Bergen - Ny programperiode 2021 - 2024

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å inngå i eit nyt samarbeid med kommunane om ein ny programperiode for Invest in Bergen for perioden 1.1.2021 - 31.12.2024.

Samarbeidet skal i den komande perioden bygge på eksisterande finansieringsmodell, og finansieringa av Vestland fylkeskommune sin andel vert gjort innanfor avdeling for innovasjon og næringsutvikling si budjetramme

### Samandrag

Invest in Bergen jobbar for å fremje verdiskaping gjennom å få fleire verksemder til å etablere seg i Bergensregionen. Invest in Bergen bygger på ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kommunane. Finansieringa er eit spleislag der fylkeskommunen og samarbeidskommunane betalar same sats per innbyggjar.

Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2017 ein samarbeidsavtale med 22 kommunar i Hordaland om drift av Invest in Bergen. Avtalen gjaldt for perioden 2017 - 2020, og tida er difor no inne for å fornye samarbeidsavtalen og programperioden 2021 - 2024. Per 5. november har ti kommunar takka ja til ny programperiode.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Skriv til kommunane om ny samarbeidsavtale med VLFK
- 2 Samarbeidsavtale sendt kommunane

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Invest in Bergen sitt overordna mål er å fremme verdiskaping og nye arbeidsplassar gjennom å få fleire internasjonale verksemder til å etablere seg i Bergensregionen.

Invest in Bergen er inne i utgangen av sitt fjerde driftsår, og med betydeleg og variert aktivitet knytt til å synleggjere moglegheitene, og å leggje til rette for nye etableringar i Bergensregionen.

Invest in Bergen bygger på ein samarbeidsmodell mellom fylkeskommunen og kommunane. Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2017 ein samarbeidsavtale med 22 kommunar i Hordaland om drift av Invest in Bergen. Avtalen gjaldt for perioden 2017-2020 og vart overført til Vestland fylkeskommune 1.januar 2020. Med kommunesamanslåingane frå same dato deltek 17 kommunar i ordninga.

Tida er no inne for å fornye samarbeidsavtalen og programperioden 2021 - 2024.

Medlemskommunane har fått invitasjon om å fornye samarbeidsavtalen, og fleire har allereie signert.

### Invest in Bergen

Invest in Bergen var opphavleg ein del av verksemda Business Region Bergen (BRB). Då BRB vart avslutta i 2016, vart arbeidsgjeveransvaret for Invest in Bergen, etter ønske frå eigarkommunane, overteke av fylkeskommunen (referatsak HFK Fylkestinget datert 6.10.2016 «Vidareføring og styrking av etablerte tenester frå Business region Bergen»).

Invest in Bergen bygger på eit samarbeid og spleiseland, og drifta finansierast av fylkeskommunen og 17 kommunar i Bergensregionen. Kommunane representerer om lag 80 prosent av innbyggjarane i tidlegare Hordaland fylke. I 2020 er følgande kommunar partner i programmet: Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Ulvik, Ullensvang, Vaksdal, Voss og Øygarden.

Finansiering av Vestland fylke si deltaking ligg for 2021 inne i budsjetttramma som finansutvalet gjorde prosessvedtak på i samband med behandling av Budsjett 2021/Arbeidsdokument 5.

Invest in Bergen legg til rette for at nasjonale og internasjonale verksemder skal etablere seg i regionen. Mange treng hjelp til: sjøle etableringsprosessen, finne eigna areal, nettverk, lån, finansiering og investormiljø, samarbeidspartnerar, arbeidskraft og kompetanse, bli kjende med FoU-miljøa, fasilitetar i regionen, og generell kunnskap om landet og regionen.

Invest in Bergen arbeidar med marknadsføring og profilering av særleg dei sterke næringane i regionen, aktivt sal av mogelegeheitene i regionen, mellom anna etablering av datasentre, støtte til dei verksemdene som kjem til regionen og hjelpe til kommunane for å peike på kva dei kan gjere for å leggje til rette for auka næringsaktivitet. For meir informasjon om status for arbeidet, sjå referatsak VLFK Næringsutvalget 15.10.2020 «Løypemelding - status for arbeidet til Invest in Bergen.

### Styringsmodell

Invest in Bergen har ein styringsgruppe beståande av ordførarar i ulike delar av Bergensregionen, ein politikar frå Bergen kommune, og to politikarar frå Vestland fylkeskommune.

### Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp per innbyggjar i kommunen
- Kommunane er aktive samarbeidspartnerar i programmet
- Ordførar, kommunedirektørar og næringssjefar deltek på årlege eigarmøte for å drøfte strategiske grep

### Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen har arbeidsgjeveransvaret for dei tilsette i Invest in Bergen

- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tek på seg det administrative ansvaret
- Fylkeskommunen leiar styringsgruppa
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp per innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet

### **Finansieringsmodell**

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvane:

- Kommunane bidrar med 4 kroner per innbyggjar i kommunen, rekna per 01.01 kvart år. Avtalen gjeld frå 1.1.2021-31.12.2024.
- Vestland fylkeskommune betaler 4 kroner for tilsvarande folketal som folketalet i dei kommunane som til ei kvar tid deltek i programmet «Invest In Bergen».

Finansieringa syter for drifta av Invest in Bergen. Det omfattar løn til tilsette, kostnader til kurs, reiser og arrangement og eventuelle investeringar som kan styrke programmet.

Finansiering av Vestland fylke si deltaking ligg for 2021 inne i budsjetttramma som finansutvalet gjorde prosessvedtak på i samband med behandling av Budsjett 2021/Arbeidsdokument 5.

### **Rapportering**

Invest in Bergen rapporterer fortløpende til styringsgruppa. Vestland fylkeskommune rapporterer til dei øvrige kommunane i det årlege eigarmøtet.

### **Tidslengde, beløp, oppsæting og betaling**

Den nye samarbeidsavtalen gjeld for perioden 1.1.2021-31.12.2024. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtalen i perioden. Ved oppsæting gjeld avtalen for det året den blir sagt opp, samt neste kalenderår.

Fylkeskommunen fakturerer årleg kommunane for deltaking i samarbeidet.

### **Samarbeid med kommunane**

Per 05.11.2020 har følgjande kommunar underteikna avtale om samarbeid med fylkeskommunen om Invest in Bergen for perioden 1.1.2021-31.12.2024: Bjørnafjorden, Bergen, Modalen, Osterøy, Askøy, Gulen, Fedje, Masfjorden, Eidfjord og Samnanger.

Kommunane har vedteke samarbeidsavtalen med den føresetnaden at Vestland fylkeskommune også vedtek den, og bidreg med tilsvarande beløpet som kommunane.

Framleis er det mange kommunar som ikkje har behandla saka, men som vil gjere det i løpet av hausten. Invest in Bergen vil følgje opp kommunane som enno ikkje har meldt attende.

### Vedtakskompetanse

I følgje «Reglement for folkevalde organ og delegering» for Vestland fylkeskommune har hovudutval for næring, med heimel i kommunelova § 5-7, arbeidsområde næringsutvikling, arbeidsplassar og sysselsetting.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det er knytt ein viss kostnad til å drifte Invest in Bergen

**Klima:** Grøn konkurranseskraft er ein viktig del av arbeidet til Invest in Bergen

**Folkehelse:** Arbeidsplassar og sysselsetting er ein viktig del av folkehelsa

**Regional planstrategi:** Ein av hovudmålsettingane i regional planstrategi er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Arbeidet til Invest in Bergen er difor tett knyt saman med VLK sine mest sentrale målsetningar

### Konklusjon

Arbeidet til Invest in Bergen bygger på eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Kommunane har fornya avtalen for ny programperiode for 2021 - 2024, med utgangspunkt i at fylkeskommunen forpliktar seg til avtalen.